

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 24.05.2017  
Vår ref.: 2017/199-7  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/2241 – 17/248

Att. Andreas Sandnes Granli

## Fråsegn etter arkeologisk registrering - landbruksveg - gnr 43 bnr 11 - Toska - Radøy kommune

Viser til brev datert 06.01.2017 med søknad om landbruksveg på gnr. 43, bnr. 11 på Toska i Radøy kommune, og vårt brev datert 15.02.2017 med varsel om arkeologisk registrering.

Den arkeologiske registreringa vart gjennomført 10.-11.05 og 16.05.2017. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, men det vart registrert to ikkje-freda funnstadar frå steinalder, Askeladden id. 229354 og 229355. Rapport frå den arkeologiske registreringa vert ettersendt tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka, ut over at ein under opparbeiding av arealet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Frank Kvammen